

Soknerådsmøte i Bygland og Årdal sokn

Stad: Kyrkjekontoret 25. januar 2017

Til stades frå Bygland: Knut Gakkestad, Olav Straume, Olav Arnfinn Arneberg, Gerd Torhild Helle Aakhus og Inge Olav Fjalestad.

Fråverande Gunnveig Eriksrud Viki, Ingebjørg Haugstad Lidtveit

Til Stades frå Årdal: Gunnar Gautland og Sigurd Haugsgjerd.

Fråverande Årdal: Tora Vegusdal, Sigrid Nersten Lunden og Silje Lien

Sokneprest: Kjell Steinbru

Leiar i Bygland sokneråd Knut Gakkestad opna og leia møte.

Sak 1/17 Referat frå førre møte vart godkjent.

Sak 2/17 Fasteaksjonen 4. april 2017.

Knut Gakkestad informerte om fasteaksjonen. I år er det berre 8 konfirmantar, og det vil difor bli i meste laget for dei å dekke heile kommunen, meinte Knut. Han foreslo difor at vi konfirmantane går rundt i dei områda i kommune der det bur flest folk. Utstyr til fasteaksjonen blir bestilt av soknepresten. Meir detaljar kring fasteaksjonen blir gjennomgått på neste møte.

Sak 3/17 Kyrkjelyden sin årsfest 12. mars

Sokneråda i kommunen skipar til kyrkjekaffi etter gudstenesta i Bygland kyrkje, gudstenesta byrjar kl. 16.00. Vi møter kl. 15.00 på Vonheim. Gerd Torhild Helle bestiller rundstykker, kaffe og brus på Joker. Årdal sokn og Bygland sokn stiller med to kaker kvar.

Knut Gakkestad kjøper inn gåver til Harry Andersen kyrkjetenar og Torhild Austad som sluttar som klokkar i Austad kyrkjelyd.

Sak 4/17 Gudstenestene framover og evaluering av gudstenestane.

Det vart delt ut oppsett over planlagde gudstenester jan.- april 2017 og gjennomførte gudstenester juli – des. 2016.

Kjell Steinbru vil gjerne at konfirmantar, songkor mfl. deltek aktivt i delar av gudstenesta. I forkant av jolemessene prøvde han å få med fleire. Knut Gakkestad meiner at mange ynskjer «tradisjonelle» messer, og at vi har fine messer i Bygland sokn.

I gudstenesta 12. mars vil prosten innsette Kjell Steinbru som sokneprest i Bygland sine kyrkjelydar. Vonheimkoret vil syngje.

19. februar vil Årdal sokn ha årsmøte etter gudstenesta.

Kjell Steinbru informerte om at han er på kyrkjekontoret kvar tysdag.

Sak 5/17 Saker som kjem til.

Kjell Steinbru foreslo at vi bør markere at det i år er 500 års jubileum for reformasjonen (31. okt. 1517 i Tyskland). Alle var samde i at vi bør få til ei markering. Saka vil bli drøfta meir inngående seinare.

Kjell Steinbru har sagt seg viljug til å ha gudsteneste på Morstøyl 4. juni etter ynskje frå konfirmant. Det er berre ein konfirmant denne dagen. Soknerådet i Bygland er positive, men ynskjer ikkje å ta ansvar for å rigge til området. Ein tenkjer då på å rydde, slå gras, sette fram stolar m.m. Dette lyt familie og vener til konfirmanten ta seg av. Knut Gakkestad meinte at soknerådet lyt stille med ljodanlegg. Kjell Steinbru har dialog med familien om kva vi forventar at dei tek ansvar for.

Kjell Steinbru informerte om at ein prøver å samla elevar frå 5-7. ein kveld i veka. Ved hjelp av trus-opplæringsmidlar har ein engasjert Simon Urdal ved KVS til å starta opp med trebaserte aktivitetar for 5-7. klasse på Bygland skule.

Neste møte i sokneråda blir onsdag 29. mars

Referent

Inge Olav Fjalestad